

# JUL I HESJEDALEN

---

Bjørg Berge

---

Tante Gjertrud fortalte dette i jula 2004 – korleis dei feira jul då ho var lita jente i Hesjedalen. Gjertrud er fødd 1911.

"Julalta henta far vår inn stampen or løa, den dei kalla lausåen og rulla den inn i kjellaren. Den skulle me bada oss i. Der var det ei stor grue som han fyrte opp i og vermede vatten i storekjelen. Vatnet var i frå kjelda i kjellaren. Visst der var lite, måtte det berast or bekken.

Me borna hadde gledd oss i mange veker til julabadet. Me fekk nye strikkaklede (underkle) so hang og varma seg i grinda som hang på veggen bak omnene i stova. Me kledde av oss i stova og gjekk ned i kjellaren. Der lyfta far oss opp i stampen og hjelpte til med vaskinga. Han passte på å byta vatten og passete badinga i kjellaren. Mor var i stova oppe og tørka og hjelpte til å kle på oss borna.

Då borna var ferdig bada, bytte han alt vatnet og så bada dei vaksne. Gofar bada til slutt. Gomor kom seg ikkje opp i stampen fordi ho hadde därleg hofte. Så gjekk dei vaksne i floren. Etter dei kom innat, åt me. Det var heimalaga lutafisk, kringler, flatbrød med godt smør attåt. Saft og mjølk til å drikka.

Om hausten hadde me plukka blåbær som me hadde selt. For dei pengane kjøpte me julagodt. Kvar hadde sine pengar som far fekk med seg då han var på Hedlo og handla til jul. Han hadde ei liste med namna vore på og kor mykje pengar kvar hadde. Den lista gav han til butikkdama som lagde til poser til kvar. Det kunne vera appelsiner, eple og nøter. Dei største hadde kanskje og fiken og dadla. Julagotte fekk me når me hadde ete. Då storkoste me oss.

Då var me reine og gode og mette med kvar sitt julagodt. Me sparde på godtet så lenge som talom.

Appelsina lukta me på. Me gøynde kanskje appelsina så lenge at skalet vart skrokkete og seigt.

Julatreeet var alltid furu. Det sto på sybordet. Det var pynta med toppstjerne og pynt som borna hadde fenge hjå tante Synneva. Knut hadde fugl. Store Magnus hadde ein båt med segl. Gjertrud ein engel. Ragna ei fin korg. Det er vanskeleg å hugsa alle sine pynter. Me hadde ikkje julepresanga.

Juledag var det sidekjøt, poteter og kålrabi til middag. Til dessert hadde me aprikosdessert med god fløyte på. Det var stor stas å få. Juledag las gofar heile dagen i andaktsboka inne i stova si. Dette skulle organe sitja å høyra på. Me lurt oss ofte ut att i stova til oss sjølve. Me fekk ikkje lov til å gå ut denne dagen. Hjå gomor og gofar budde syskenborna vore, Alf og Magnus. Dei var og med på julabadet."

Gjertrud hadde 11 sysken, ikkje alle var fødde då dette julebadet føregjekk.